



# *Handlingsplan for eit trygt, godt og inkluderande skudemiljø*

**2021/22**

*På Kaupanger skule skal elevar, føresette og tilsette oppleve skulen  
som trygg og god i eit inkluderande skudemiljø*



Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skudemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eige oppleving av korleis dei har det på skulen som er avgjerande.

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen, Opplæringslova §9-a.

Alle som jobbar på skulen skal følgje med på at elevane har det bra på skulen. Dersom ein voksen på skulen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba eller plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid gripe inn.

**Alle som arbeidar på skulen har plikt til å følge med, gripe inn og varsle** dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skudemiljø. Skulen har plikt til å undersøke og sette inn egna tiltak som sørger for at eleven får eit trygt og godt skudemiljø.

Mål for arbeidet i høve godt skudemiljø:

"Målet er å skape ein skulekultur der gode haldningar og åtferd gjennomsyrar skudemiljøet, slik at me kan nå visjonen vår:

**"Me gler oss, kvar dag!"**

Alle tilsette skal bry seg kvar dag, og gripe inn ved avvik eller mistanke om avvik.

Målet er å ha elevar som sjølve set standarden for gode haldningar/åtferd, og som grip inn /varslar avvik.

Me skal ha føresette med gode haldningar som bryr seg om **alle** elevane, er gode føredøme og tek kontakt med andre føresette og skulen (kontaktlærar/rektor) ved avvik eller mistanke om avvik.

Skulen sin handlingsplan for eit godt skolemiljø skal implementerast hjå alle involverte på Kaupanger skule. Det betyr at alle partar i skulesamfunnet – tilsette, elevar og føresette, skal kjenne til planen og arbeide i tråd med denne. Gjennom Opplæringslova §9a har elevar og føresette fått større grad av brukarmedverknad og betre klagemogleheter.

Skulefritidsordninga / SFO er sidestilt med skulen i opplæringslova kapittel 9, og alle plikter, planar og rutinar gjeld for skulen/SFO. Dei tilsette skal gripe inn ved kjennskap til eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme.

Planen gjeld også når elevar, føresette eller tilsette oppdagar/kjem med førespurnad når tilsette krenkjer eller mobbar ein elev. Ved eit systematisk arbeid inn mot eit godt skolemiljø vil visjonen vår vere innan rekkevidde.

I planen finn ein lenker til nyttige nettstadar i samband med skolemiljø.

**Kaupanger, 26.07.21**

## Henta frå Opplæringslova

### **§9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø**

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### **§ 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid**

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

### **§ 9 A-7. Det fysiske miljøet**

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndighetene til ei kvar tid tilrår. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

## Definisjonar

**-Mobbing:** Negativ eller vondsinna åtferd gong på gong frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg å forsvare seg. Erting gong på gong på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing. Stikkord er "vondskapsfull" og "ulikt styrkeforhold".

**-Krenkande ord:** Det er eleven si oppfatning som må leggjast til grunn for alvoret i utsegna. Utsegn som er diskriminerande/nedlatande for grupper / individ må takast på alvor.

Dette gjeld rasistiske utsegn (t.d "brunost", "svarting") og seksuelle nedverdigande utsegn ( t.d. "homo" "hore") eller nedlatande kroppslege utsegn ("feit", "skalla"). I tillegg gjeld det utsegn knytt til tru, kjønn, funksjonsdyktigheit m.m..

**-Krenkande handling:** Einskildhendingar av fysisk karakter der ein av partane er fysisk underlegen og ikkje har starta hendinga. "Tilskodarar" som oppmodar andre til fysiske overgrep og "tilskodarar" som ikkje grip inn.

**-Psykososialt miljø:** Ein person vert mobba når han eller ho, gjentekne gonger og over tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar.

Det er ein negativ eller aggressiv handling når nokon med vilje påfører ein eller annan person skade eller smerte – ved fysisk kontakt, ved ord eller på andre måtar. Fo å kunne bruke nemninga mobbing skal det også vere ein viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet → den som vert utsett for negative handlingar har vanskeleg med å forsvare seg og er noko hjelpelaus overfor dei / den som plagar han/ho.

Etter denne definisjonen er mobbing kjenneteikna av følgjande:

- a) Det dreier seg om aggressiv eller vondsinna åtferd som
- b) Gjentek seg og varer ved over ei viss tid
- c) i ein mellommenneskeleg relasjon prega av ein viss ubalanse i styrke- eller maktforholdet. Mobbing skjer ofte utan nokon provokasjon frå den som vert plaga.

#### **-Diskriminering**

Diskriminering inneber at ein person vert därlegare handsama eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsdugleik, religion, hudfarge, nasjonalt eller etnisk opphav. Diskriminering kan både vere direkte og indirekte.

#### **-Rasisme**

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av "rase", hudfarge eller etnisk opphav.

#### **-Krenkande åtferd**

Lovverket gjeld også krenkande ord og handlingar som ikkje er mobbing, vald, diskriminering eller rasisme, slik som for eksempel enkeltståande ytringar som utsjånad eller funksjonshemmingar. Ord eller handlingar som i utgangspunktet ikkje er meint å vere krenkande vil likevel kunne oppfattast slik. Ulike aldersgrupper og sosiale og kulturelle grupper vil ha ulike normer for åtferd. Ei utsegn eller ei handling som ville vere akseptabel internt i gruppa, vil kunne vere krenkande eller skremmande på elevar utanfor denne. Her kan det vere ei utfordring å finne balansen mellom humor og krenking.

#### **Kva om ein elev blir krenka av ein tilsett på skulen?**

Alle som jobbar på skulen har ansvar for at krenkingar som mobbing ikkje skal skje. Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleigar, som vil følgje saka opp vidare.



## Førebyggande tiltak ved Kaupanger skule

Kva	Kven -Når			Korleis	Ansvar
Gjennomgang av skulen sine ordensreglar, IKT-reglar, handlingsplan for eit godt skolemiljø, oppfølging av §9a	Tilsette: planleggingsdagar før skulestart  Kurs/oppdatering i høve Oppl §9a	Elevar: Gjennom elevråd/klasseråd i primo september	Føresette: Rektor sitt møte med klassekontaktane i september Foreldremøte i september/oktober	Gjennomgang av skulen sine planar  Visma-veilederen	Rektor  Elevrådskontakt Kontaktlærar  Rektor Kontaktlærar  Rektor
Elevsamtalar	Kontinuerleg			Einesamtalar og gruppesamtalar	Kontaktlærar
Trivsel/mobbing skal vere på dagsordenen på alle -klassemøte -foreldremøte -personalmøte -klasselærarmøte -SU-møte -SMU-møte	Kontinuerleg			Tema/diskusjon/ refleksjon	Rektor Tilsette  Kontaktlærar Kontaktlærar Rektor Leiar FAU Elevrådskontakt Kontaktlærar

-FAU-møte -elev-og klasserådmøte -storlagsmøte -storlagsleiararmøte -SFO-møte -Miljørettleiar- og assistentmøte			Storlagsleiar SFO-leiar
Utviklingsamtalar	Haust/vår	Samtale	Kontaktlærar
Inspeksjon	Kontinuerleg	Ute i rett tid, bry seg, gripe inn, involvere seg i elevaktivitetar	Rektor Tilsette
Alternative dagar med aldersblanding -fagleg - sosialt	Etter plan for storlaga kvar 6.veke	Grupper på tvers av klassar	Kontaktlærar
Fadderordning	Etter plan utarbeidd i august	1.kl/6.kl- 2.kl/7.kl – 3.kl/8.kl – 4.kl/9.kl og 5.kl/10.kl	Kontaktlærar
Zippy	Årsplan	1.-4. klasse	Kontaktlærar
MOT	Etter årsplan frå MOT	Aktivitetar i 8-10.klasse	Kontaktlærar
Politiet. Informasjon til elevar(nettvett, lover og reglar....)	Haust	5. og 8/9. klasse	Rektor
Sosialpedagogisk lag	Kontinuerleg	Arbeid med kartlegging og arbeid med enkeltsaker	Rektor Sosiallærar Miljørettleiar Helsejukepleiar
Elevundersøkinga 5.-10. kl(UDIR)  Skulevurdering 1.-4. kl(lokal)	Oktober m/ oppfølging i november-mars	Identifisere avvik + lage tiltak/følgje opp Presentasjon foreldremøte/klasse- rådmøte, SU/SMU	Rektor Kontaktlærar


Spekterundersøking	Haust og vår	Avdekkar mobbing, og kartlegging av klassemiljøet	Kontaktlærar Sosiallærar
Foreldreundersøking	Kvart 3.år 1-10 , neste i 2023(UDIR) + kvart år 1.-4. kl i mars	Skjema	Rektor Kontaktlærar
Alle klassar skal ha mobbing på planen kvart år	Kontinuerleg	Samtale Undersøkingar	Kontaktlærar
Klassereglar skal utarbeidast kvart år	Innan medio september Oppslag i klasserommet!	Elevarbeid	Kontaktlærar
Sosialveke	Ved skulestart, 2 første vekene av skuleåret	Faddeklassane har ulike opplegg	Kontaktlærararar
Arbeide aktivt med verdiar/menneskesyn hjå dei tilsette	Kontinuerleg	Gjennom refleksjonsøkter	Rektor / UF
Mobbeombodet	Deltek på foreldremøte	Mellomsteget	Kontaktlærar
Betre Tverrfagleg Innsats – BTI	Kontinuerleg	Alle	Kontaktlærar BTI-gruppe Adm
Kompetanseheving, personalet Zippy MOT BTI Barnesamtalar	Kontinuerleg	Alle	Adm Ungdomsavd Helsejukepleiar Helhestasjon

## Prosedyrar ved klage på det psykososiale miljøet

1. Ved munnleg eller skriftleg klage/melding frå elevar/føresette vedrørande det psykososiale miljøet skal rektor kontaktast.
2. Rektor tek kontakt med klagaren for å opprette dialog, evt. få skriftleg klage gjennom meldingsskjema(lenke på side 13) Rektor informerer om rettigheter og framgangsmåte.
3. Rektor fattar vedtak som inneholder aktivitetsplan/tiltaksplan/framdriftsplan.
4. I samarbeid med kontaktlærar, lærarar og evt. andre ressurspersonar skal ein undersøke saka ved t.d.: observasjon av elevane / elevsamtaalar /kartlegging av sosiale relasjonar i klassen/skolemiljøet(Spekter) / trivselundersøking(ar)
5. Undersøkinga kan slå fast trøngen for evt. vidare tiltak.
6. Tiltaka vert utarbeidd i samarbeid med føresette/elev.
7. Aktivitetsplan skal gjerast skriftleg. Rektor ansvarleg.
8. Saka vert jamleg evaluert og skulen skriv referat. Rektor har ansvaret.
9. Føresette kan klage på aktivitetsplan/tiltak til Fylkesmannen i Vestland.

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/meld-mobbing/>

Dersom føresette / tilsett er usikre på graden av alvoret i situasjonen, kan dei avtale ein annan framdriftsplan. Planen må vere skriftleg og underskriven . Planen skal leggjast i elevmappa.



## Skulen si aktivitetsplikt

### **§ 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø**

Dersom elevar vert utsette for mobbing, vald, rasisme eller ulike former for diskriminering, skal det setjast inn tiltak med aktivitetsplan.

Skulen har plikt til å

- setje inn eigna tiltak for alle elevar som opplever at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, uansett årsak
- følge opp tiltaka
- evaluere verknaden av tiltaka
- legge til eller endre tiltak om det er naudsynt.

Dette er også i samsvar med god pedagogisk praksis. At skulen føl denne plikta er viktig både for einskildeleven, men også for skolemiljøet som heilskap. Eit godt skolemiljø er ein føresetnad for at elevene får utvikle seg fagleg og sosialt.

Elev og føresette skal kunne stole på at skulen tek desse problema på alvor. Skulen skal, eventuelt i samarbeid med andre etatar/fagmiljø, setje i verk naudsynte tiltak for å stanse slik åtferd. Det er viktig at det føregår ei evaluering av dei tiltaka som vert sett inn.

Rektor har ansvar for å lage ein plan for å sørge for at eleven får det trygt og godt på skulen igjen. Rektor skal informere eleven og deg som føresett om kva som vert gjort, og du og barnet ditt har rett til å bli høyrde. Dette blir kalla for skulen si **aktivitetsplikt**. Skulen skal ta omsyn til barnet sitt beste i alle vurderingar.



## Plan for tiltak vedrørende mobbing/skolemiljø

Elev:

**Kva skal denne planen løyse?**

(elevnamn) har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Kaupanger skule har [dato] fått vite av [kven]/har funne ut ved hjelp av [korleis] at [elevnamn] ikkje har det trygt og godt på skulen fordi [skriv kva som er utfordringa basert på eleven si subjektive oppfatning].

**Kaupanger skule:**

Dato:

**Kva meiner eleven?**

Kva har eleven uttalt om saka? Om eleven har synspunkt om kva tiltak som bør setjast inn, kva meiner eleven at er eigna tiltak?

**Kva tiltak har skulen planlagt og når skal tiltaka gjennomførast?**

[De skal setje inn tiltak de meiner er eigna og tilstrekkelege til at eleven får eit trygt og godt skolemiljø, basert på faglege vurderingar og etter å ha høyrt med eleven kva han/ho meiner og ynskjer. Tiltaka må vere lovlege, og omsynet til barnet sitt beste skal vere grunnleggande. Mange saker fordrar tiltak på både individ-, gruppe- og skulenivå. Når det vert sett inn tiltak for at eleven skal få eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring trengs det ofte og tiltak som kan bidra til å førebygge og/eller hindre at eleven får negative sosiale, psykiske eller psykosomatiske etterverknadar etter hendinga/-ane.]

Om det er behov for å endre tiltaka eller setje inn andre tiltak etterkvart, skal det lagast ein ny aktivitetsplan.

## Aktivitetsplan for elev; - skuleåret

§ 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. § 9 A-4 Skulen si aktivitetsplikt, fjerde ledd. Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Elevens namn:	Fødselsdato:	Klasse:	Dato:	Plan nummer:
<b>Kva problem skal tiltaka løyse?</b>				
<b>Hovudmål</b>				
Gjeld for skuleåret:	Evalueringsdataar/møter:			

Delmål	Kva skal tiltaket løyse?	Tiltak	Ansvar

--	--	--	--

<b>Rammer/rutinar i samband med undervisning</b>	
--	--

Barnet sin rett til å verte høyrt:

Skulen si vurdering av barnet sitt beste

(Antal tiltak må tilpassast den einskilde saka.)

\*Det er alltid skulen/skuleigar som er ansvarleg for at tiltak vert gjennomført. Her skriv ein kven på skulen/skuleigar som er ansvarleg for at kvart einskild tiltak vert gjennomført. Om det er avtalt med nokon som ikkje er tilsett hjå skulen/skuleigar at dei skal gjennomføre tiltaket, skal det også komme fram. De skal ikkje legge ansvaret på eleven eller foreldra i aktivitetsplanen, som handlar om kva skulen skal gjere for at eleven skal få det trygt og godt på skulen.

#### Fyrste evalueringsmøte

Skulen skal evaluere tiltaka første gang [dato, ikkje for langt fram i tid].

**Dersom elev/føresette ikkje er fornøgd med kva skulen gjer for at eleven skal få det trygt og godt på skulen, kan du melde saka til fylkesmannen.**

## Ansvar / meldeplikt

- Tilsette: Vere vakne for signal som tyder på at elevar opplever krenkande åtferd eller mobbing. Vere spesielt merksame overfor elevar som ofte kjem i konfliktar. Ein må og vere merksame på elevar som er lite saman med eigen klasse og elevar som går mykje åleine. Ein har plikt til å gripe inn når ein oppdagar elevar som opplever krenkande åtferd eller mobbing. Tilsette skal melde frå til rektor/kontaktlærar om at elevar opplever krenkande åtferd eller mobbing.
- Elevar: Ein skal seie får til ein vaksen på skulen eller heime dersom ein ser ein medelev som opplever krenkande åtferd eller mobbing. Elevar som opplever krenking eller mobbing, vert oppmoda til å seie frå til kontaktlærar eller ein annan vaksen.
- Føresette: Ein skal melde frå til kontaktlærar (evt. rektor) ved bekymringar i høve det psykososiale miljøet ved skulen. Føresette vert oppmoda til å levere munnleg/skriftleg klage ved avvik.

## Konfliktløysing på lågast mogleg nivå

Observasjon	Handling	Ansvar
Nivå 1: Elevar er på veg inn i konflikt	<p>Gjer ein rask overblikk. Sjekk kven som er vitne eller «heia- gjeng». Desse kan verte viktige å snakke med dersom partane fortel heilt ulike historiar. Gå inn og ta ordet. Be begge partar om å sjå på deg og vente på tur til å snakke.</p> <p>Lat den eine fortelje sin versjon medan den andre ventar/ lyttar til heile historien. Byt rollar.</p> <p>Etter å ha høyrt begge si historie, oppsummerar den vaksne og sjekkar evt. avvik i historia. Dersom elevane er rimeleg samde, kan ein sjekke ut med elevane om dei er nøgde med oppsummering og vil avslutte for godt.</p> <p>Dersom elevane ikkje vil seie seg ferdige med saka:</p> <p>Tilsett minner dei om kva som kjem på nivå 2 og 3.</p>	Tilsett som er til stades i situasjonen
Nivå 2: Elevar vert ikkje ferdige med konflikten på nivå 1.	<p>Den tilsette gjer det klart for elevane at sidan begge to eller den eine ikkje vil avslutte konflikten, vil elevane måtte bli med inn i rolegare område for å handsame saka.</p> <p>Elevane må setje seg kvar for seg for å skriva/teikna logg over hendinga. Dei vert sitjande kvar for seg til ein vaksen har lese begge loggane og gjort seg opp ei mening om kva som verkeleg har hendt. (Normalt roar dei fleste seg gjennom skriveprosessen)</p> <p>Den vaksne fortel om framdrifta i konfliktløysinga ved at den vaksne leier og styrer og at alle må følgje den tilsette sine meldingar om å vente på tur. Når begge er så rolege at dei kan sitje på same rom og gjennomgå loggane, går den vaksne gjennom desse og teiknar/skriv på eit ark eller tavle kva som har hendt.</p> <p>Elevane fortel etter tur. Gjennom rekonstruksjonen brukar den vaksne dempande ord og roleg stemme for at elevane kan arbeide seg fram til ei endeleg løysing på konflikten.</p> <p>Dersom partane no ser kva som verkeleg var grunnen til konflikten og er</p>	Tilsett

	<p>samde om å gå vidare, kan ei raskt avslutte saka.</p> <p>Dersom eleven/elevane er på veg til å verte hissige, vert partane sendt ut av rommet med ein gong, og den vaksne viser til kva som kjem på nivå 3 om ikkje konflikten vert avslutta.</p>	
Nivå 3: Eleven/ elevane nektar å følgje vanleg konfliktløysing	<p>Eleven/elevane vert overlevert til rektor. Den vaksne gjev eit kort referat av hendinga , åtferda og manglande vilje til å avslutte konflikten. Rektor ringjer føresette.</p> <p>Eleven vert sitjande til humøret er betre og konfliktløysing kan ta til.</p> <p>Den vaksne fyller ut skjema om vald/truande åtferd.</p> <p>Dersom eleven/elevane ikkje vil roe seg bør føresette komme og hente sin elev.</p>	Rektor

### Prosedyrar ved påvist mobbing eller krenkande ord/handlingar

Kva	Korleis	Ansvar
Samtale med mobbar. To strategiar	<p>Strategi 1</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- konfrontere mobbarane med alvoret i situasjonen</li> <li>- ikkje gå i diskusjon</li> </ul> <p>Dersom fleire mobbarar er involvert i saka, tek ein individuelle samtalar. Dei må ikkje få høve til å samsnakke før samtalens.</p>	Kontaktlærar Rektor
	<p>Strategi 2</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- invitasjon til samarbeid</li> <li>- finne ut kva eleven kan komme opp med for å stoppe mobbinga</li> <li>- finne ut om fleire bør involverast</li> </ul> <p>Skriftleg notat.</p>	
Informasjon til rektor	Munnleg eller skriftleg	Kontaktlærar

Rektor skriv aktivitetsplan om det er trond for nye tiltak	Skriftleg og med klagerett til Statsforvaltaren	Rektor
Føresette vert informert	Når mobbing eller krenkande åtferd er oppdaget, skal føresette verte kontakta med ein gong. Det vert vurdert i kvar einskild sak i kor stor grad føresette skal ha ei aktiv rolle.	Kontaktlærar eller rektor
Oppfølgingssamtale med mobbaren	Jamlege samtalar og jamleg evaluering	Kontaktlærar eller rektor
Oppfølgingssamtale med den som vert mobba. Tett kontakt med føresette	Ekstra merksemd og støtte	Kontaktlærar Rektor Føresette
Evt. konfrontasjonsmøte mellom mobbar og den som vert mobba	Samtale der rektor og kontaktlærar avtalar framdrifta og oppgåvefordeling	Rektor
Evalueringssamtalar med mobbar og den som vert mobba	Individuell samtale og jamnleg evaluering.	Kontaktlærar Rektor

## Dersom mobbinga eller krenkande ord/handlingar ikkje stoppar

Nye samtalar med mobbar og føresette:

Alle vert gjort merksame på at alle vaksne må vere på lag om saka skal få ein positiv slutt.

- gjennomgang av opplysningar som ligg føre
- gje kvar part høve til å kommentere opplysningane
- gjennomgang av tiltak og kva føresette kan gjere
- alle må verte samde om tiltaka og forplikte seg

Tiltak / handlingar mot mobbar:

- friminutt saman med eigen vaksenperson
- ikkje friminutt saman med dei andre elevane
- tilsyn på skulevegen
- gå heim etter at dei andre elevane er komne heim
- alternativ læringsarena i ein periode
- føresette kan bringe/hente eleven til / frå skulen
- bytte skule
- vurdere om andre partar skal inn i skulen

## Rutinar for å sikre god dokumentasjon

Kvar klagesak på det psykososiale miljøet skal dokumenterast. Med dokumentasjon meiner ein:

- logg på kva som har hendt
- aktivitetsplan
- samtalar/telefonsamtalar med føresette
- møtereferat m.m..

Dokumentasjonen skal ein alltid lagre i elevmappa. Ved påvist mobbing skal det og liggje kopi av dokumentasjon i mappa til mobbaren. I handboka og i skulen sitt kvalitetssystem skal det ligge malar, rutinar og prosedyrar som skal brukast i dette arbeidet.

## Følgjande saksgang skal dokumenterast i elevmappa

- skriftleg eller munnleg initiativ frå føresette
- innkalling til møte med dei som klagar eller kjem med krav om tiltak
- referat frå møte og evt. aktivitetsplan
- innkalling og referat frå evalueringsmøte av aktivitetsplan
- evt. klagaren si klage til Fylkesmannen
- evt. rektor sitt svar på klaga til Fylkesmannen

## Tilsett ved skulen krenkjer elev

Dersom tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset elev for krenking av noko slag:

- Straks varsle rektor
- Rektor varslar skuleeigar

Dersom det er ein i leiinga av skulen som står bak krenkinga:

- Straks varsle skuleeigar direkte

Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd vert straks sett i verk

## Rutinar ved bruk av vald og truslar om vald

Vald er ei handling retta mot ei gruppe eller enkeltindivid. Handlinga har som mål å skade, smerte, skremme, trua eller krenkja andre fysisk eller psykisk.

Det vert lagt stor vekt på den fornærma si oppleving.

### Førebyggande tiltak

Tiltak	Ansvar
Skulen sine rutinar vert gjort kjent for tilsette	Rektor
Skulen sine rutinar vert gjort kjent for elevar og føresette	Rektor/kontaktlærar
Skulen sine prosedyrar for å handsame tidleg fase av konflikt	Tilsette

### Tiltak ved vald mellom elevar

Tiltak	Ansvar
Ein skal halde roen og tilkalle hjelp dersom ein vurderer at hendinga er prega av vald. Snakk roleg og fortel dei involverte kva du kjem til å gjere. Ikkje bruk	Tilsett som er til stades i hendinga

<p>sterke utsegn. Oppfør deg konfliktdempende.          Ikkje list opp konsekvensar som ikkje kan gjennomførast.          Ein må skilje elevane, men ver varsam.          Vurder evt. skade og trøng for legehjelp.          Ta begge(alle) elevane med inn på kontoret og kontakt rektor eller kontaktlærar.          Skriv rapport og gje til kontaktlærar/rektor.</p>	
<p>Kontaktlærar gjennomfører samtale med involverte(evt. rektor)          Rektor vert informert.          Føresette vert informert over telefon og semje om oppfølging          Skada elev vert evt. undersøkt av lege etter telefonsamtale med føresette. Skada elev skal ikkje sendast heim.</p>	Kontaktlærar
Rapport/skjema skal leggjast på elevmappe.	Kontaktlærar
Det skal skrivast skademelding ved skade på person/materiell	Tilsett som har sett hendinga i samarbeid med leiinga

## **Tiltak når tilsett vert utsett for vald/trakassering frå elev**

Tiltak	Ansvar
<p>Hent andre tilsette/andre vaksne. Dette skal gjerast sjølv om ein trur at vedkomande kan handsame situasjonen. Ein må saman med leiinga vurdere om politi skal kontaktast.</p> <p>Den utøvande vert teken ut av situasjonen/klassen, og skal ikkje attende til situasjonen/klassen/elevane før skulen har sett i verk tiltak/konsekvensar.</p> <p>Den som vert utsett for vald/trakassering vert teken hand om av andre vaksne</p>	Tilsette som kjem til i situasjonen og etter kvart i samarbeid med leiinga

Verneombodet vert informert om saka og har ansvar for HMT-rapporteringa saman med leiinga.	
<p>Rektor tek over ansvaret for utøvar.</p> <p>Eleven sine føresette vert varsle og samde om evt. møte</p> <p>Kontaktlærar vert informert.</p> <p>Det vert gjort avtale om oppfølgingstiltak.</p> <p>Konsekvensar vert gjort i tråd med ordensreglane og lovkrava.</p> <p>Alle førespurnader frå media vert handsama av rektor.</p> <p>Alvoret i saka avgjer om rektor orienterer overordna nivå.</p> <p>Rektor melder evt. saka til politiet.</p>	Rektor
Kontaktlærar gjennomfører samtale med elevar som har vore vitne til hendinga.	Kontaktlærarar

### **Oppfølging av elevar/tilsette som har vore utsette for vald/trakassering/krenking**

Lege vert kontakta om det vert vurdert som behov og elev/tilsett vert undersøkt.

Føresett/pårørende vert kontakta

Vedkomande skal få tilbod om følgje.

Elevar skal alltid ha med seg vaksen person.

Vedkomande skal følgjast heim , og skulen må sikre at vedkomande har nokon å vere saman med resten av dagen.

Det vert gjort avtale om oppfølgingssamtale.

Skriv skademelding om det vert vurdert som naudsynt.

---

Lenker, skolemiljø:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/>


<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/>

<https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Laringsmiljo/skolemiljo-udir-3-2017/>

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/tiltak-skolemiljo/>

[www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no)

<https://sogndal.betreinnsats.no/bti-rettleiar/>



**På Kaupanger skule skal elevar, føresette og tilsette oppleve skulen som trygg og god i eit godt miljø**



26.07.21